

**Jobbnorge ID:** 179402  
**Deadline:** 3/4/2020  
**Website:** <http://www.muho.no/>  
**Scope:** Part time  
**Duration:** Temporary

## Om Museumssenteret i Hordaland (MuHo)

MuHo er eit natur- og kulturarvsmuseum. Vi driv bevaring, forskning, undervisning og formidling av kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie, migrasjon og kultur møteproblematikk.

MuHo utfører også fellestenester innan samlingsforvaltning og konservering for musea i Vestland.

MuHo er lokalisert i tre kommunar, Bergen, Alver og Osterøy, og har seks avdelingar; Norsk Trikotasjemuseum, Bevaringstenestene, Havrå, Osterøy museum, Lyngheisenteret og Vestnorsk utvandringssenter.

Vi ønsker å knytte til oss fleire som ønsker å jobbe i MuHo, og om du er interessert i å jobbe for oss, enten som som ringevikar, sesonghjelp eller meir permanent, kan du registrere ein open søknad hos oss. Du må være over 18 år.

Har du interesse for arbeid i museum?

## ÅPEN søknad

### Om våre avdelingar

**Norsk Trikotasjemuseum** forvaltar det spennande nasjonale industriminnet Salhus Tricotagefabrik og museet har særleg ansvar for historia til den norske tekstilindustrien. Fabrikkanlegget blir freda i 2020. Museumsgjestane er lokale og internasjonale, og kjem for å sjå på den unike maskinparken og høyre om tekstilindustrien. Saman med galleriet, museumsbutikken og kaféen gjev museet kunnskapsformidling og gode opplevingar.

**Osterøy Museum** er eit av dei eldste folkemusea, med store kulturhistoriske samlingar som fortel om livet på strilelandet. I dag har museet særleg fokus på handverk og småindustri og kunnskapsarven knytt til bruk av ull og oppstaddev, bygningshandverk og treskoproduksjon. Osterøy museum feirar 100 års jubileum i 2020.

**Vestnorsk utvandrarsenter** på Sletta er ei lita landsby beståande av "Prærielandsbyen" og Emigrantkyrkja, der bygnadene er henta frå USA frå utvandrantida. Museet har fokus på migrasjon både i fortid og notid, og særskilt på den norske utvandringa frå Noreg til Amerika på 1800- og 1900-talet. Her er det omvisningar og ulike arrangement gjennom året, og det blir opna kafe i 2020.

**Havråtunet** er eit klyngetun med 8 bruk på Osterøy, der det drives gard med utgangspunkt i tradisjonell teknikkar frå 1800-talet. MuHo eig og driv 2 av bruken, driftar landskap knytt til 2 andre bruk, samt tek ansvar for fellesoppgåver ved klyngetunet. MuHo forvaltar ved dette eit landskap med viktige kulturbioologiske verdiar. Garden er freda som kulturminne, og er på lista over utvalde kulturlandskap.

**Lyngheisenteret** på Lygra er oppretta for å ta vare på kulturlandskapet på kysten og kunnskapen og tradisjonane knytt til dette landskapet. I samarbeid med lokale grunneigarar vert 1500 mål lynghei halde i hevd på autentisk vis. Her har ein museumsbygg, restaurant/kafe, utstilling, villsau og eit gammalt gardsbruk med moglegheit for overnatting. Det er fleire arrangement gjennom året.

**Bevaringstenesten** er ei felles bevarings- og konserveringsteneste for dei konsoliderte musea i Hordaland. Avdelinga har ansvar for drift av eit fellesmagasin. Bevaringstenesten driv med konservering av gjenstandar og tekstilar, og har oppdrag for alle musea i Vestland fylke, private og offentlige aktørar. I tillegg tek avdelinga betalte oppdrag for mellom anna Statsbygg, KORO, Riksantikvaren og norske museum. Avdelinga har eit stort konserveringsfagleg miljø.

### Kompetanse

MuHo har svært ulike avdelingar og vi treng svært ulike kompetanse for å løyse oppgåvene våre. Blant oss finn ein formidlarar, gjenstandsforvaltarar, handverkarar, gardsarbeidarar, kokk, kafémedarbeidarar, konservatorar med meir.

Vi ønskjer oss medarbeidarar som er positive, løysingsorienterte og held kundeservice høgt, og som har interesse for å jobbe i museum.

Vi ser særskild etter personar som er fleksible og kan tenkje seg å jobbe i fleire av våre avdelingar etter behov. Det er difor eit føremon om du har sertifikat og disponerar bil.

Du vil få god opplæring!

### Vi tilbyr

- Vi tilbyr spennande jobbar på unike museum, godt arbeidsmiljø og varierte oppgåver.

- Lønn etter tariff

Våre verdiar er likeverd, openheit, kompetanse og engasjemet, og vi søkjar deg som kan identifisere deg med desse verdiane.

## Spørsmål

Dersom du har spørsmål ta kontakt med:

Lene Sollesnes Holum, Personalleiar: 99242207 - lene.sollesnes.holum@muho.no

## Additional information

### Place of service:

Salhusvegen 201 5107 Salhus (Bergen Municipality)